**SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035****1. Informasjon om forslagsstiller**

Namn: Arve Mjøs	Adresse: Åsgardane 137, 5282 Lonevåg	Tlf: 91756924	Epost: Arve_mjos@hotmail.com
Kari & Aksel Mjøs	Hoshovde 28, 5282 Lonevåg	97088529	Aksel.mjøs@nhh.no
Mjøs Metallvarefabrikk AS v/ dagleg leiar Bjørn Øvsthus	Tveitavegen 25, 5282 Lonevåg	95233052	bjorn@mjosmetall.no

2. Informasjon om eigedom

Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar
86	5	Arve Mjøs
87	3	Kari & Aksel Mjøs
92	4	Mjøs Metallvarefabrikk AS

3. Informasjon om arealbruk idag

Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan:

LNF

Kva vart arealet nytt til tidlegare?

-Utmark/skog/beite

Kva er bruken i dag?

-Ikkje i bruk.

4. Informasjon om ny arealbruk


Kva ny arealbruk er ønska?

Bustad (gult)

Kva er bakgrunnen for endra arealbruk:

Langsiktig behov for bustadar som støttar utviklinga i Hosanger-regionen, samt ei venta generelt auka interesse for å busetja seg i områder der ein og er nærmare naturen og kan verta meir sjølvberga. Dette gjeld både folk som arbeider/vil arbeida i regionen, vil flytta attende til regionen og som har yrker der dei like gjerne kan busetja deg her og arbeida andre stader i Bergensområdet eller digitalt.

Dette vert ei utviding ved Hoshovdstølen Bustadområde, og deler både marknadsinteresse og infrastruktur med dette. Konkret er det vassleidning, avløp, høgspent, fiber og veg i/langs



området, og slik sett samsvarer dette med kravet til bustadar som nyttar eksisterande kommunal infrastruktur.

Dette er areal av låg alternativverdi, unngår dyrka innmark eller beite, og bør difor ikkje vera problematisk frå eit jordvernomsyn.

Beskriv omfang av planlagd arealbruk både på land og i sjø:

Om lag 180 mål.

5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk ≈ 1:1000. Underlagskart kan printast ut frå <http://nordhordland.avinett.no/> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggast ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

6. Alle arealinnspel må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA JA i stor grad NEI

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

Mål 2: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn

Mål 3: Framtidsretta og mangfoldig næringsliv

Et godt bustadfelt som tilbyr mangfoldige bustadar nær levedyktige arbeidsplassar vil støtta opp om begge måla.

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA JA i stor grad NEI

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under:

Utdrag frå arealstrategien:

-Det må likevel kunne sikrast busetnad i kommunen utanfor desse områda for mellom anna for å sikre at jordbruk og næringsliv utanfor dei etablerte sentra skal kan kunne driftast.

-Veletablerte verksemder med sterkt lokal tilknyting må så langt som mogleg få høve til å utvide areala sine der dei ligg. Det er viktig for Osterøy og for lokalsamfunna at tradisjonsrike og vellukka verksemder kan halde fram med å vere lokaliserert der dei er i dag. Kommunen må leggje til rette for at dei får denne moglegheita.


--I Hosanger-regionen er dei fleire og større verksemder som veks og treng bustadar til nye tilsette.

-Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknyting til kommunenesenteret og lokale sentra. Utbygging kan også skje i bygder der det er etablert kommunal infrastruktur.

--Bustadfeltet nyttar komplett etablert kommunal infrastruktur.

-Osterøy kommune skal sikre gode bamiljø for innbyggjarar i alle livsfasrar, og gjennom arealplanlegginga skal kommunen stimulera til auka differensiering i bustadmarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve.

--Bustadfeltet vil leggja opp til differensiering av bustadane som stettar denne strategien.



-Osterøy kommune skal ha eit aktivt og levande landbruk som legg til rette for bruk av lokale ressursar der dyrka mark vert tatt vare på for lokal matproduksjon, men og for å ta vare på kulturlandskapet og sikre matjord frå nedbygging.

--Bustadfeltet vil ikkje koma i konflikt med innmark eller matjord, og heller ikkje gardsdrift.

På same måte som Hoshovdstølen bustadfelt, så vil også bustadane på Hoshovdåsen få tilgang til sjø (småbåthamn, fiske, bading og anna rekreasjon) gjennom nærleiken til Hoshovdhamnen og planlagt småbåthamn der.

Skjema skal sendast til epost:

post@osteroy.kommune.no

eller som post til:

**Osterøy kommune
Postboks 1,
5293 Lonevåg**

VIKTIG: Merk oversendinga med «Innspel: Kommeplanen sin arealdel 2023 - 2035» og gnr/bnr. på det aktuelle arealet og namn på forslagsstillar

RETTLEIAR FOR UTFYLLING AV SKJEMA FOR AREALINNSPEL**1. Informasjon om forslagsstiller**

Fyll inn namn på person og/eller selskap som fremjar innspel om arealendring, i tillegg til kontaktinformasjon.

2. Informasjon om eigedom


Fyll inn alle gardsnr. og bruksnr. og den personen som står oppført som eigar på dei ulike areaala.

3. Informasjon om arealbruk i dag

Sett inn det arealføremålet som ligg i gjeldande kommuneplan. Kommuneplanen finn du på kommunen si heimeside under «Planar og styringsdokument».

Gje eit kort skildring av kva området har vore nytta til og kva det er nytta til i dag, det vil seia om det er det gamalt landbruksareal, beitemark, badeområde, utfyllingsareal eller liknande.

4. Endra arealbruk



Gje ei kort skildring av kva føremål ein ynskjer å nyta arealet til. Det skal her opplystast om kva eventuelle bygningar skal nyttast til og kva resterande areal skal nyttast til, til dømes tilkomstveg, parkering og liknande. Hugs å ta med alle detaljer.

Grunngje bakgrunnen for kvifor ein ynskjer endra arealbruk.

Gje ei kort oversikt over omfang og storleik på tiltak som er planlagd, det vil sei tal på bygg, lengde og storleik på anlegg, trong for infrastruktur, terrenginngrep og anna som er relevant for å etablera tiltaket.

5. Kart

Avgrensing av arealinnspelet må teiknast inn på eit kart i målestokk $\approx 1:1000$. Dette kan gjerast ved at ein går inn på <http://nordhordland.avinet.no/> Her vil ikkje målestokken kunne setjast til 1:1000 men bruk det som er tilnærma likt. Teikn inn avgrensing av heile området og eventuelle avgrensingar i sjølve arealet dersom det er ynskje om å avsette til fleire ulike føremål.

Dersom det er spørsmål til korleis ein utformar innspela eller det er trong for hjelp til å fylle ut eller teikne inn føremål ver snill å ta kontakt med Osterøy kommune si planavdeling på tlf: 56 19 21 00. Dersom det er ynskje om hjelp eller anna rettleiing kan de òg kome innom til servicetorget eller planavdelinga til kommunen.